

## Regnskogen er i fare

Det var ein måndag i regnskogen, på Yanomami-indianerene sitt språk var måndag Ijagyfg. Eg er veldig stolt av å bu i Amazonas og være ein del av ur befolkninga, den viktigaste oppgåvene for folkeslaget er å behandle naturen godt.

Eg sat stille i den frodige bakken, det var fuktig, men varmt under alle dei svære blada og trea. Eg venta på det perfekte øyeblikk til å drepe slangen, det var så stille at eg helt på å sovne, men det måtte eg ikkje, for no var eg på jakt for å skaffe mat. Eg retta spydet mot slangen, eg telte til tre, og kasta det rett i krypdyret. Slangen krølla seg fresande rundt spydet, i dag blei det middag på meg.

Eg var så lykkelig då eg kom heim til stammen min, og viste storfangsten eg hadde fått. Denne kvelden skulle feirast med fest. Det er vanskeleg å leve i regnskogen, for vi hadde alle kvar våre arbeidsoppgåver heile tida. No var klokka berre 14.00, som eg såg på sola. Om kvelden hørde eg ein lyd utanfor huset, då eg opna døra såg eg ein mann bak det eine treet, men idet eg skulle gå bort dit forsvann han.

Neste dag undra eg meg over den mystiske mannen. Medan eg satt ved frukostbordet og åt, følte eg på kroppen at det kom til å skje noko skummelt. Idet eg skulle gje mat til dyra mine, hørde eg mange rare og høge lydar ved elva. Då eg gjekk bort for å få oversikt over elva, såg eg menn i gule uniformer. Eg sprang heim til stor familien min, eg sa at det var nokon som helt på å øydelegge skogen. Leiaren for indianarstammen sa at vi måtte gå i krig, og alle henta det nærmaste dei hadde av våpen.

Vi gjekk til angrep mot dei svære bulldosarane å kasta spyd og stein. Då vi hadde øydelagt mykje maskiner, tok vi tre folk som gislar. Om kvelden når vi sat rundt bålet, kom det to men og sa at dei skulle reise, og aldri komme tilbake. Men vi følte oss fortsatt ikkje trygge, fordi rike folk var blitt mange og dei treng den verdifulle regnskogen til å lage nødvendige ting.